



Sjå adresseliste

Vår ref.: 2017/1018-79	Sakshandsamar: Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	Dato 12.07.2024
---------------------------	---	--------------------

## TILFØYING AV KRAVPUNKT OG DOKUMENTASJON OM BLEKA

Vi syner ti dykkar referanse 291702382, Revisjon av konsesjonsvilkår Otravassdraget.

### Merking av skjær, grunner og bruer.

Bygland kommune hadde eit kravpunkt som lydde: «Regulanten pålegges å merke og vedlikehalde merking av holmar og skjær for å sikre ferdsel med båt.» I regulanten sitt revisjonsdokument s. 119 står det:

Kommunen ønsker vidare at regulanten pålegges å merke og vedlikeholde merking av holmer og skjær for å sikre ferdsel med båt. OB har samarbeid med båtforeningen om merking av skjær, og er positiv til et vidare samarbeid om dette, men ønsker samtidig å gi uttrykk for at vi mener dette arbeidet i stor grad er gjennomført.

I vårt høyringssvar, ref. 2017/1081 i 2022, vidareførte vi ikkje kravet om merking. Det vi no ser er at is og anna kan føre til at merkinga vert skada. I eit tilfelle er oppsett påle bøygd slik at den stod som eit spyd på skrå rett over vassoverflata. Pålen vart kappa av dei som var ute i båt. Vi kan ikkje kome i ein situasjon der ei båtforening vil stå juridisk ansvarleg om eit merke blir bøygd ned eller forsvinn ved ei ulykke der båt treffer eit skjær e.a. der merkinga er borte eller merkepålen er bøygd.

Vi meiner at regulering av Byglandsfjorden gjer det naudsynt å merke skjær og liknande med omsyn til fritidsbåtar og Bjoren sin ferdsel på fjorden. Vi meiner òg at det er regulant som må stå ansvarleg for merking og vedlikehald.

Kommunen syner òg til krav om sikring av båtundergang i Vassendkilen. Der OB skriv at Bygland kommune tok på seg ansvaret om å merke brua. Det stemmer at brua vart merka av kommune, men vi meiner at OB må ta ansvar her.

Vi ber altså NVE sjå på kven som er ansvarleg for merking av skjær og holmar og sikring av bru- undergang.

### Bleka

Feltrapportene frå 2023 syner at eigenrekruttering av bleke i hovudsak kan dokumenterast i søndre del av Byglandsfjorden. Dette er i det kjente gyte- og rekrutteringsområdet Vassenden og i elvestrekk nedstraums Byglandsfjord dam (Evje og Hornnes kommune). I det tidlegare kjente hovudgyteområde for bleka oppstraums Ose er eigenrekrutteringa til dels fråverande/sporadisk grunna reguleringspåverknadar (gassovermetning, vassføring, vandringshindre mm). Dåsånavassdraget som skal bygge opp ein sikringsbestand av bleke har ingen eigenrekruttering av bleke pr. 2023.

Ut frå vedlagt rapportar kan vi ikkje sjå at målet med ein eigenrekruttera haustbar blekebestand i vassdraget er nådd. Vi meiner det hastar å sette i verk konkrete tiltak for å sikre vandring og rekruttering i bleka sitt leveområde.

Med helsing  
Bygland kommune

Inge Olav Fjalestad  
Skogbrukssjef

Nils Børge Kile  
Fiske- og vassdragsforvaltar

ADVOKATFIRMAET LUND & CO DA  
OTRA KRAFT DA  
NVE ved Oda Bjerke  
STATSFORVALTEREN I AGDER  
Miljødirektoratet ved Kjetil Lønborg Jensen  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE  
VALLE KOMMUNE  
BYKLE KOMMUNE  
IVELAND KOMMUNE  
KRISTIANSAND KOMMUNE  
VENNESLA KOMMUNE  
NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Akersgata 30	0158	OSLO
Setesdalsvegen 3455	4748	RYSSTAD
Postboks 504	4804	ARENDAL
Kasernevegen 19	4735	EVJE
Postboks 4	4746	VALLE
Sarvsvegen 14	4754	BYKLE
Frikstadveien 20	4724	IVELAND
Postboks 4	4685	NODELAND
Postboks 25	4701	VENNESLA
Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO

- 1 Feltrapport garn, ruse og notfiske 2023
- 2 Feltrapport el-fiske 2023